



Astrid H. Tvedt

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2066 - 15/14264

Saksbehandlar:
Anne-Lise Næs Olsen
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

15.07.2015

Møtereferat - eigedom 23/395 - Tilbygg/bruksendring mm.

Det vart 14.7.2015, etter ynskje frå heimelshavar, halde møte på vårt kontor for å avklare plantilhøve kring eigedom 23/395.

Astrid H. Tvedt orienterte om sin kontakt med kommunen i samband med utarbeiding av Områdeplan for Frekhaug sentrum. Ho orienterte også om at ho hadde mistyda nokre av tilbagemeldingane ho hadde fått frå kommunen i prosessen. Ho hadde nyleg hadde funne ut at eigedommen hennar i Områdeplan for Frekhaug sentrum, var regulert til gangareal G1, medan ho lenge hadde trudd at eigedommen hennar var regulert til Sentrumsformål.

Ho opplyste vidare om at ho no ville endre bruken av bygget på eigedommen frå forretning til næring/bevertning. Ho ville også utvide bygget innafor eigedomsgrensa til eit bruksareal (BYA) på omlag 100%. Ho ville også ha orientering om kva ho kunne gjere for å få til dette.

Administrasjonen orienterte om gjeldande planstatus, og at ei formålsendring av eigedommen ville krevje ei reguleringsendring. Administrasjonen minna om at slik formålsendring ikkje var i samsvar med den nyleg godkjente områdeplanen, og at kommunen ikkje kunne førespegle noko om utfallet av ein slik søknad.

Det vart opplyst om at ei eventuell reguleringsendring må søkjast om via konsulentfirma, og det vart opplyst om dei ulike prisane i gebyrregulativet til kommunen.

Astrid H. Tvedt ville deretter ha orientering om høve til å søkje om dispensasjon. Administrasjonen orienterte om høve etter Plan- og bygningslova (pbl) til å søkje om dispensasjon og ev. midlertidig dispensasjon etter kapittel 19. Administrasjonen meinte at endringa var noko stor for å søkje om dispensasjon, men kunne likevel ikkje seie noko om eventuelt utfall ved slik søknad då dette m.a. er avhengig av innhaldet i søknaden og merknader som kjem etc.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Administrasjonen minna om at det er viktig å grunngje slik søknad godt, at fordelane med dispensasjon må vere klart større enn ulempene, og at slik søknad skal nabovarslast jf. pbl. Administrasjonen opplyste også her om innhaldet i gebyrregulativet til kommunen.

Astrid H. Tvedt ville vite om ho kunne søkje om bruksendring utan dispensasjon. Administrasjonen opplyste om at kommunen må halde seg til vedteken områdeplan som er eit juridisk bindande dokument, og at ein ikkje kan behandle bruksendring til eit anna formål utan reguleringsendring eller ev. dispensasjon.

Astrid H. Tvedt uttrykte at ho etter dette ville søkje om dispensasjon frå områdeplanen sitt formål gangareal G1, slik at ho vidare kunne søkje om bruksendring til næring/bevertning. Ho ville truleg også søkje om dispensasjon slik at ho kunne utvide eksisterande forretningsbygg til om lag 100 % BYA.

Administrasjonen opplyste deretter om søknadsprosessen og saksgangen i slike saker, der administrasjonen skriv saksutgreiing med innstilling, der Utval for Drift og Utvikling (UDU) gjer vedtak i saka, og der klageinstansen er Fylkesmannen i Hordaland.

Administrasjonen orienterte om at søknad skal sendast til postmottaket i kommunen.

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
Fagansvarleg Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Anny Bastesen
Bjarte Buanes

Mottaker:

Astrid H. Tvedt